

Grøn tysk politikar sviktar ikkje Uskedalen

23.07.2015



Hans Christian møter Søralsjef Per Øyvind Sævertveit og Asle Moberg på Sørål

Gjennom åra har mange tyske turistar fått eit nært vennskap til vertskapet på Rabben og familien Markert er av dei mest trufaste, Laurdag avsluttar Hans Christian, Silke, Jan Christian (16) og Linda (13) årets opphold der og lovar å komma igjen om 2 år. Det er rutinemessig at dei vitjar Noreg annakvart år. Dei andre åra er eit anna europeisk land målet - for det er viktig at den unge generasjon lærar verdsdelen å kjenne.

Hans Christian Markert - 46 år og jurist - er ein markert politikar i North-Rhine-Westfalen, som har 17 millionar innbyggjarar og no satsar han for å verta den lokale fylkesmann - som heiter landrat i Tyskland - under valet til hausten.

I motsetnad til i Noreg vert fylkesmannen vald direkte av folket. Førebels er Hans Christian medlem av det lokale parlament - det er også en fulltidsjobb. Han seglar gjennom valkampen under slagorda omverdenen, forbruket og anti-atompolitikken.

- Det vert eit spennande valloppgjer, for CDU har hatt fleirtalet i 40 år. Men Hans Christian, som tilhører det grøne partiet, har 5 parti til bak seg og meiner at sjansen er der. Han går til val med entusiasme og framstår som ein politikar med ei balansert syn som tek omsyn både til økonomi og økologi. Opphaldet i Uskedalen denne gongen har han utnytta mellom anna til å styrka sambandet mellom Neuss og Husnes industrielt.

Norsk Hydro har 2 fabrikkar i heimstaden til Hans Christian og det ligg vel til rette for eit samarbeid med Sørål. Hans Christian har som ein start vore invitert til Husnes-verksemda under opphaldet her og han møtte direktør Per Øyvind Sævertveit og den gode venen Asle Moberg frå Uskedalen til synfaring. Dei drøfta den industrielle situasjon både i Kvinnherad og Rheinkretsen Neuss som har 450 000 innbyggjarar.

- Det var eit interessant møte ettersom Norsk Hydro er ein viktig industriell spelar i begge regionar, seier Hans Christian til uskedalen.no. No går han inn for eit utstrakt samarbeid. Unge folk i begge regionar som har jobb i fabrikkane til Norsk Hydro kan jobba nokre veker i den andre regionen. Ei slik utveksling kan bringa fram nye idear og aspektar og saman kan vi endra den industrielle strukturen både i Husnes og Neuss, meiner Hans Christian.

Når uskedalen.no møter han på Rabben er han igang med å partera dagens fiskefangst. Han er ein ivrig fiskar

og denne gongen er han fornøgd med å ha teke ein lange på 7 kilo. Men han fortel også med begeistring at han har sett ein ørn. Hans Christian var berre 3 år då han vitja Uskedalen og Rabben fyrste gongen med foreldra Rolf Christian og Brigitte i 1972 og sidan har familien vore her mange gonger. Ikke minst har dei hatt tett samband med vener på Neset.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Privat



Hans Christian, Jan Christian, Silke og Linda trivs ved Hardangerfjorden